


VEDTEKTER FOR SELJORD KULTURSKULE



Revidert og vedteke i Seljord kommunestyre 2.5.2013, sak 21/13.

Vedtekter for Seljord Kulturskule

1. Målsetjing:

1.1 Seljord Kulturskule skal arbeide for å gje born og ungdom i kommunen:

- gode vilkår for å utvikle musikalske og skapande evner og anlegg,
- Eit aktivt og rikt kulturliv,
- Eit godt oppvekst- og kulturmiljø og positive fritidsaktivitetar.

1.2 Seljord Kulturskule skal gje born og ungdom tilbod om:

- opplæring på instrument, song og andre kulturaktivitetar,
- å delta i ulike former for kulturaktivitetar.

1.3 Seljord Kulturskule har eit særleg ansvar for å ivareta og styrka interessa for folkemusikken

1.4 Seljord Kulturskule skal som eit kulturpedagogisk servicesenter i kommunen:

- støtte grunnskulen i sitt arbeid med den obligatoriske musikkundervisninga.
- støtte barnehagane i sitt arbeid med kulturaktivitetar,
- støtte det eksisterande kulturlivet i kommunen.

1.5 Seljord Kulturskule skal stimulere til aktiv kulturformidling i kommunen og gjennom samarbeid med andre søke å gjennomføre ulike kulturtiltak.

2. Organisering:

2.1 Seljord Kulturskule er ein kommunal kulturskule som er eigd og driven av Seljord kommune.

2.2 Seljord kommunestyre vedtek vedtekter for kulturskulen. Rådmannen kan gjera endringar i vedtektene som er av administrativ karakter.

2.3 Formannskapet er det politiske styringsorganet for Seljord Kulturskule. Rådmann v/kommunalsjef har det administrative ansvaret.

2.4 Seljord Kulturskule skal ha tilsett rektor i heil stilling og i tillegg nødvendige kulturskulelærarar for til ei kvar tid å kunne dekke opp eksisterande tilbod.

2.5 Rektor for kulturskulen har det faglege ansvaret for drifta. I samarbeid med kommunalsjef har rektor ansvar for administrasjon av kulturskulen.

2.6 Seljord Kulturskule skal gje eit desentralisert kulturtilbod, slik at born frå alle krinsane får tilnærma det same høve til å delta i kulturskulen sine aktivitetar.

2.7 Kulturskulen har undervisningslokale på Granvin kulturhus, men også andre kommunale lokale kan brukast.

Tilhøva må leggjast til rette slik at lokala i størst mogleg grad er tilpassa aktivitetane i kulturskulen.

- 2.8 Læremiddel som skulane har, kan disponerast av kulturskulen etter avtale med den einskilde skulen.
- 2.9 Det kan veljast eit samarbeidsforum for Seljord Kulturskule samansett av:
2 foreldre, ansvarleg representant frå kommuneleiinga og rektor i kulturskulen.
Rektor har sekretærfunksjon.
Samarbeidsforumet har ansvar for å avvikle minst eit foreldremøte i året.
- 2.10 Det må leggjast til rette for bruk av kombinerte stillingar med andre kommunale verksemdar. Tilsette i kombinerte stillingar skal i kulturskuledelen ha løn etter gjeldande tariffavtale.
- 2.11 Seljord Kulturskule kan gå inn i forpliktande samarbeid med andre instansar både kommunalt og interkommunalt. Dette inkluderer samarbeid om kombinerte stillingar mellom fleire kulturskular. Avtale om slikt samarbeid må godkjennast av kommunalsjef.

3. Undervisninga:

- 3.1 Seljord Kulturskule følger i utgangspunktet skuleruta for grunnskulen i Seljord.
- 3.2 Undervisninga kan organiserast både som individuell undervisning, gruppeundervisning og aktiv kulturutfalding. Gruppeundervisning tar utgangspunkt i undervisningstimar på 45 minuttar. Ved individuell undervisning skal undervisningstida tilsvare minimum 20 min, maksimum 30 min. Ønskje om utvida time (45 min) vert avgjort via søknad.

4. Opptak

- 4.1 Seljord Kulturskule er open for born og ungdom som bur i Seljord kommune. Elevar frå andre kommunar kan bli tatt opp dersom det er ledig plass. Øvre aldersgrense for opptak er 18 år. Vaksne søkjarar kan få plass til sjølvkost dersom ein har lærarressursar til det.
- 4.2 Opptak skjer før kvart skuleår med 1. mai som søknadsfrist. Opptak gjeld inntil plassen blir sagt opp. Både søknad og oppseiing av plassen skal skje skrifteleg.
- 4.3 Prioriteringskriterier ved opptak er:
- a) Tidligare ansiennitet
 - b) Alder
- Ved særskilde, sosiale behov kan ein opna for å ta inn elevar utanom desse kriteria, etter søknad via NAV-systemet. Dette kan også skje utanom det årlege opptaket.

5. Elevvilkår:

- 5.1 Elevar som har fått plass ved kulturskulen må innan 2 veker melde frå om dei tar imot plassen eller ikkje. Opptaket er bindande for eit skuleår.

- 5.2 Elevane skal møte presis og førebudd til timane.
- 5.3 Fråvere må meldast på førehand. Timar som fell bort grunna fråvere har eleven ikkje krav på å få att seinare.
- 5.4 I den grad kulturskulen disponerar instrument, kan desse leigast ut til elevane.
- 5.5 Elevane har ansvar for skulen sine instrument. Skade på instrument må erstattast.
- 5.6 Elevane må til vanleg sjølv koste nødvendig undervisningsmateriell.
- 5.7 Elevane skal vise god framferd i kulturskulen og rette seg etter dei krav som lærarane stiller.
- 5.8 Elevar som ikkje rettar seg etter skulen sine vedtekter, kan utestengjast frå undervisninga for kortare eller lengre tid. Rektor tek avgjer.
- 5.9 Utvida tilbod kan gjevast der det er rom for det og etter vurdering av rektor og lærar.

6. Økonomi:

- 6.1 Elevkontingent vert fastsett av kommunestyret.
Instrumentleige vert fastsett av rektor.
- 6.2 Elevkontingenten skal betalast for kvart halvår. Det blir gitt 50% moderasjon for:
- a) Sysken.
 - b) Utvida tilbod innanfor same disiplin.
- Fritak for kontingent ved langvarig sjukdom eller ved flytting vert etter søknad avgjort av rektor og kommunalsjef. Ved låg inntekt kan føresette søkje om fritak for kontingent.
- 6.3 Dersom meir enn 15% av undervisningstimane fell bort i eit semester, kan det etter søknad gjevast reduksjon i kontingenten.
- 6.4 Kontingenten skal betalast for heile skuleåret sjølv om eleven sluttar i løpet av skuleåret. Misleghald av kontingentinnbetaling kan føre til tap av elevplass.